



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kontakt
Sentralbord +47 33 37 10 00
Direkte +47 953 00 640
fmrtpost@fylkesmannen.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernområde

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2024/154 -

Dato 12.01.2024

Protokoll 11.01.24

Sakene: 1/24 - 5/24
Møtestad: Nutheim Gjestgiveri
Dato: 11.01.24

Følgjande medlemmer deltok:

Audun Dølen
Marianne Vadder
Baiba Sheine

Følgjande varamedlemmer deltok:

Følgjande medlemmer/varamedlemmer hadde meldt fråfall:

Steinar Bergsland
Sven Tore Løkslid møtte ikkje.

Følgjande frå administrasjonen deltok:

Kristian Kvaalen Herregården

Audun Dølen
Leiar

Godkjenning av møteprotokollen:



Sak 1/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Innkalling og dagsorden blei samrøystes godkjend.

Sak 2/23 Søknad om riving av eksisterande og oppføring av ny hytte på gnr. 83 bnr. 7 i Vindsjådalen i Hjartdal kommune – Anders Bakken

Sakshandsamars framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Anders Bakken avslag på søknad om riving av eksisterande hytte og oppføring av ny hytte på 69,7 m² BYA i Vindsjådalen, gnr. 83 bnr. 7 i Hjartdal kommune. Grunngeving for avslag er at ny hytte vil vere større enn det som er tillate i høve til forvaltingsplan for verneområdet. Avslaget er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt. 3.2.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Anders Bakken.

Handsaming i verneområdestyret:

Det ble ikkje fremma endringar.

Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret gjev Anders Bakken avslag på søknad om riving av eksisterande hytte og oppføring av ny hytte på 69,7 m² BYA i Vindsjådalen, gnr. 83 bnr. 7 i Hjartdal kommune. Grunngeving for avslag er at ny hytte vil vere større enn det som er tillate i høve til forvaltingsplan for verneområdet. Avslaget er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt. 3.2.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt Anders Bakken.

Sak 3/23 Referatsaker

Verneområdeforvaltar orienterte styret om delegerte saker sidan sist styremøte.

Sak 4/23 Eventuelt

Verneområdeforvaltar orienterte styret om antall møter og antall saker handsama i løpet av deira periode i verneområdestyret. Styret har gjennomført 15 møter og handsama 96 saker.

Rett før jul informerte Miljødirektoratet om kvalitetsnorm og status for villrein i villreinområda i Norge. For Brattefjell-Vindeggen vart resultatet «raudt», altså dårleg tilstand.



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Informasjonstavler er klare for oppsetting i 2024. Forvaltar vil framover arbeide med å få på plass avtaler med grunneigarar for plassering og entreprenør(ar) for å utføre jobben med å fundamentere og sette opp tavlene.

Verneområdeforvaltar og lokalt naturoppsyn hadde 11. desember eit motorferdslemøte med dei 4 kommunane i verneområdet for å drøfte motorferdslepraksis, rutinar, løyveutforming, handsaming, regelverk m.m. Det er einigheit i forvaltinga at det er viktig at ein i sakshandsaminga legg til grunn lokal forskrift om motorferdsle i spesielt sårbare områder i verneområdet. Det vil seie avgrensingar i antall turar, føremål med transport og krav om køyrebok slik at køyring og gjevne løyver er kontrollerbare for oppsynsmynde.

Sak 5/23 Neste møte

Ikkje bestemt dato i påvente av konstituering av nytt verneområdestyre for ny styreperiode.

Med helsing

Kristian Kvaalen Herregården
seniorrådgiver